



...

Sjå adresseliste

...

SK  $\frac{58}{2002}$  GK

| STATENS KARTVERK           |                   |               |
|----------------------------|-------------------|---------------|
| Divisjon<br>SKLD           | Avd./Sek.<br>LROY | Saksb.<br>TRE |
| Sak/Dok.nr.:<br>2001/374-8 | Dato:<br>22/      |               |
| Artk.nr.:<br>326.33        | /8-02             |               |

**FASTSETJING AV KOMMUNEGRENSER I SJØ MELLOM ASKØY OG MELAND, ASKØY OG RADØY, ASKØY OG ØYGARDEN, BERGEN OG LINDÅS, BERGEN OG MELAND, LINDÅS OG MELAND, LINDÅS OG RADØY, MELAND OG RADØY OG RADØY OG ØYGARDEN KOMMUNAR I HORDALAND FYLKE**

Statens kartverk har utarbeida forslag til nye kommunegrenser i sjø i Hordaland fylke. Saker som omhandlar endring av ma. kommunegrenser vert handsama etter lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15. juni 2001. Fylkesmannen er delegert mynde til å fatte avgjer i saker om fastsetjing av kommunegrenser og saker som gjeld mindre grensejusteringar når det er semje mellom kommunane om ei løysing.

Inneverande forslag vart sendt Hordaland fylkeskommune og Askøy, Bergen, Lindås, Meland, Radøy og Øygarden kommunar til høyring.

Askøy kommune la fram merknader til utkastet i skriv av 6. juni 2002.

Fylkesmannen støtta merknadene og sendet saka til Statens Kartverk for ny handsaming 25. juli 2002. I svar av 31. juli 2002 skriv Statens Kartverk slik :

*I grensa mot Meland vert kommunegrensa liggjande midt i Herdlaffjorden ved å ta ut grensepunkta nr. 4 og 5 som deler Lamholmen og Vardholmen frå Meland. Dei resterande punkta nr. 6 – 13 vert så omnummerert til nye nr. 4 – 11.*

I medhald av § 7 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15. juni 2001 vert overnemnde kommunegrenser i sjø fastsett slik :

*Askøy–Meland:*

*Kommunegrensa i sjø mellom Askøy og Meland kommunar, båe i Hordaland fylke, tek til i eit punkt som ligg midtjords der Byfjorden, Herdleffjorden og Salhusfjorden møtest og sjøgrensa mot Bergen kommune støyter til. Punktet ligg ca. 1186 m frå næraste land ved Ladberget i Bergen, Askenes i Askøy og Galteneset i Meland. Punkt nr. 1.*

*Frå punkt nr. 1 går grensa i retning 333,244°, 8504 m til punkt nr. 2 som ligg midt i Herdleffjorden, ca. 610 m NNA for lykt på Hegerneset i Askøy.*

Frå punkt nr. 2 går grensa i retning 322,262<sup>g</sup>, 3551 m til punkt nr. 3 som ligg midt i Herdleffjorden, ca. 673 m frå næraste land på Beitingen i Meland og vestre av Berlandsholmane og Abbedisso i Askøy.

Frå punkt nr. 3 går grensa i retning 341,911<sup>g</sup>, 2606 m til punkt nr. 4 som ligg midt i Herdleffjorden, ca. 1600 m NtV for trigonometrisk punkt (81 m o.h.) på Abbedissefjellet i Askøy.

Frå punkt nr. 4 går grensa i retning 357,775<sup>g</sup>, 1318 m til punkt nr. 5 som ligg midt i Herdleffjorden, ca. 543 m SVtS for Det Naue lykt i Meland.

Frå punkt nr. 5 går grensa i retning 26,623<sup>g</sup>, 2089 m til punkt nr. 6 som ligg midt i Sætreosen, ca. 510 m ANA for Basholmen sjømerke i Askøy.

Frå punkt nr. 6 går grensa i retning 358,006<sup>g</sup>, 1635 m til punkt nr. 7 som ligg midt i Sætreosen, ca. 1880 m StV for trigonometrisk punkt (90 m o.h.) på Storafjellet på Holsnøyeni i Meland.

Frå punkt nr. 7 går grensa i retning 297,056<sup>g</sup>, 946 m til punkt nr. 8 som ligg midt i Sætreosen, ca. 2250 m NtA for Herdla kyrkje på Herdlo i Askøy.

Frå punkt nr. 8 går grensa i retning 12,013<sup>g</sup>, 1067 m til punkt nr. 9 som ligg midt i Sundet, ca. 280 m NNV for Ringholmen lykt i Meland.

Frå punkt nr. 9 går grensa i retning 349,253<sup>g</sup>, 1051 m til punkt nr. 10 som ligg midt i Sundet, ca. 190 m SVtS for Storskjeret lykt i Meland.

Frå punkt nr. 10 går grensa i retning 382,138<sup>g</sup>, 2678 m til punkt nr. 11 som ligg midt i Mangersfjorden ved Svenneskallen der sjøgrensa mot Radøy kommune støyter til og grensa endar. Punkt nr. 11 ligg ca. 1476 m frå næraste land ved Kvernane i Askøy, sørspissen av Nordre Lamholmen i Radøy og Eldsneset i Meland.

Kommunegrensa går heile vegen i sjøen, og i rette liner mellom dei oppgjevne punkta, der ikkje anna er sagt.

Grensepunkta er definerte ved desse kartkoordinatane i system UTM EUREF89 sone 32:

| Punkt nr. | Nord [m] | Aust [m] | Retning<br>[gon] | Avstand [m] |
|-----------|----------|----------|------------------|-------------|
| 1         | 6712492  | 293344   | 333,244          | 8504        |
| 2         | 6716733  | 285973   | 322,262          | 3551        |
| 3         | 6717950  | 282637   | 341,911          | 2606        |
| 4         | 6719544  | 280576   | 357,775          | 1318        |
| 5         | 6720583  | 279764   | 26,623           | 2089        |
| 6         | 6722492  | 280613   | 358,006          | 1635        |
| 7         | 6723784  | 279611   | 297,056          | 946         |
| 8         | 6723740  | 278665   | 12,013           | 1067        |
| 9         | 6724789  | 278866   | 349,253          | 1051        |
| 10        | 6725523  | 278114   | 382,138          | 2678        |
| 11        | 6728096  | 277372   |                  |             |



*Askøy–Radøy:*

*Kommunegrensa i sjø mellom Askøy og Radøy kommunar, båe i Hordaland fylke, tek til i eit punkt som ligg midt i Mangersfjorden ved Svenneskallen der sjøgrensa mot Meland kommune støyter til. Punktet ligg ca. 1476 m frå næraste land ved Kvernane i Askøy, sørspissen av Nordre Lamholmen i Radøy og Eldsneset i Meland. Punkt nr. 1.*

*Frå punkt nr. 1 går grensa i retning 324,633<sup>g</sup>, 1838 m til punkt nr. 2 som ligg midtfjords der Mangersfjorden og Hjeltefjorden møtest, sjøgrensa mot Øygarden kommune støyter til og grensa endar. Punkt nr. 2 ligg om lag 2460 m frå næraste land ved Kvernane i Askøy, austre av Alvøyne ved Kvalflui i Øygarden og Svartskjeret utanfor Toska i Radøy.*

*Kommunegrensa går heile vegen i sjøen, og i rette liner mellom dei oppgjevne punkta, der ikkje anna er sagt.*

*Grensepunkta er definerte ved desse kartkoordinatane i system UTM EUREF89 sone 32:*

| Punkt nr. | Nord [m] | Aust [m] | Retning<br>[gon] | Avstand [m] |
|-----------|----------|----------|------------------|-------------|
| 1         | 6728096  | 277372   | 324,633          | 1838        |
| 2         | 6728790  | 275670   |                  |             |

*Askøy–Øygarden:*

*Kommunegrensa i sjø mellom Askøy og Øygarden kommunar, båe i Hordaland fylke, tek til i eit punkt som ligg midtfjords i Hjeltefjorden der sjøgrensa mot Fjell kommune støyter til. Punktet ligg om lag 1670 m frå næraste land på Gulskjeret i Askøy, nordaustre av Havrøyane i Fjell og Trovikneset i Øygarden. Punkt nr. 1.*

*Frå punkt nr. 1 går grensa i retning 384,878<sup>g</sup>, 3910 m til punkt nr. 2 som ligg midt i Hjeltefjorden, ca. 2410 m SAtA for Joni lykt på Store Joni i Øygarden.*

*Frå punkt nr. 2 går grensa i retning 366,644<sup>g</sup>, 5417 m til punkt nr. 3 som ligg midt i Hjeltefjorden, ca. 2140 m SAtA for trigonometrisk punkt (44 m o.h.) på Ljosøyne i Øygarden.*

*Frå punkt nr. 3 går grensa i retning 390,216<sup>g</sup>, 5161 m til punkt nr. 4 som ligg midt i Hjeltefjorden, ca. 2280 m AtN for Straumøytangen lykt i Øygarden.*

*Frå punkt nr. 4 går grensa i retning 0,927<sup>g</sup>, 4120 m til punkt nr. 5 som ligg midtfjords der Mangersfjorden og Hjeltefjorden møtest, sjøgrensa mot Radøy kommune støyter til og grensa endar. Punkt nr. 5 ligg om lag 2460 m frå næraste land ved Kvernane i Askøy, austre av Alvøyne ved Kvalflui i Øygarden og Svartskjeret utanfor Toska i Radøy.*

*Kommunegrensa går heile vegen i sjøen, og i rette liner mellom dei oppgjevne punkta, der ikkje anna er sagt.*

*Grensepunkta er definerte ved desse kartkoordinatane i system UTM EUREF89 sone 32:*

| Punkt nr. | Nord [m] | Aust [m] | Retning<br>[gon] | Avstand [m] |
|-----------|----------|----------|------------------|-------------|
| 1         | 6711080  | 280030   | 384,878          | 3910        |
| 2         | 6714880  | 279110   | 366,644          | 5417        |
| 3         | 6719570  | 276400   | 390,216          | 5161        |

|   |         |        |       |      |
|---|---------|--------|-------|------|
| 4 | 6724670 | 275610 | 0,927 | 4120 |
| 5 | 6728790 | 275670 |       |      |

*Bergen–Lindås:*

*Kommunegrensa i sjø mellom Bergen og Lindås kommunar, båe i Hordaland fylke, tek til i eit punkt midtjords der Osterfjorden, Sørfjorden og Salhusfjorden møtest og sjøgrensa mot Osterøy kommune støyter til. Punktet ligg om lag 1346 m frå næraste land og 1630 m N for trigonometrisk punkt (27 m o.h.) ved Steinstøi i Bergen. Punkt nr. 1.*

*Frå punkt nr. 1 går grensa i retning 289,948<sup>g</sup>, 1674 m til punkt nr. 2 som ligg midtjords der Osterfjorden, Salhusfjorden og Haglsundet møtest, sjøgrensa mot Meland kommune støyter til og grensa endar. Punkt nr. 2 ligg om lag 903 m frå næraste land ved Klubben i Lindås, Hordvikneset i Bergen og Flatøyini i Meland.*

*Kommunegrensa går heile vegen i sjøen, og i rette liner mellom dei oppgjevne punkta, der ikkje anna er sagt.*

*Grensepunkta er definerte ved desse kartkoordinatane i system UTM EUREF89 sone 32:*

| Punkt nr. | Nord [m] | Aust [m] | Retning [gon] | Avstand [m] |
|-----------|----------|----------|---------------|-------------|
| 1         | 6716772  | 297999   | 289,948       | 1674        |
| 2         | 6716509  | 296346   |               |             |

*Bergen–Meland:*

*Kommunegrensa i sjø mellom Bergen og Meland kommunar, båe i Hordaland fylke, tek til i eit punkt som ligg midtjords der Osterfjorden, Salhusfjorden og Haglsundet møtest og sjøgrensa mot Lindås kommune støyter til. Punktet ligg om lag 903 m frå næraste land ved Klubben i Lindås, Hordvikneset i Bergen og Flatøyini i Meland. Punkt nr. 1.*

*Frå punkt nr. 1 går grensa i retning 263,802<sup>g</sup>, 1772 m til punkt nr. 2 som ligg midt i Salhusfjorden, ca. 1510 m A for trigonometrisk punkt (163 m o.h.) på Storeknappen i Meland.*

*Frå punkt nr. 2 går grensa i retning 199,377<sup>g</sup>, 991 m til punkt nr. 3 som ligg midt i Salhusfjorden, ca. 810 m VSV for trigonometrisk punkt (37,28 m o.h.) på Klauvaneset i Bergen.*

*Frå punkt nr. 3 går grensa i retning 240,255<sup>g</sup>, 2569 m til punkt nr. 4 som ligg midtjords der Byfjorden, Herdleffjorden og Salhusfjorden møtest, sjøgrensa mot Askøy kommune støyter til og grensa endar. Punkt nr. 4 ligg ca. 1186 m frå næraste land ved Ladberget i Bergen, Askenes i Askøy og Galteneset i Meland.*

*Kommunegrensa går heile vegen i sjøen, og i rette liner mellom dei oppgjevne punkta, der ikkje anna er sagt.*

*Grensepunkta er definerte ved desse kartkoordinatane i system UTM EUREF89 sone 32:*

| Punkt nr. | Nord [m] | Aust [m] | Retning [gon] | Avstand [m] |
|-----------|----------|----------|---------------|-------------|
| 1         | 6716509  | 296346   | 263,802       | 1772        |
| 2         | 6715555  | 294852   | 199,377       | 991         |



|   |         |        |         |      |
|---|---------|--------|---------|------|
| 3 | 6714564 | 294862 | 240,255 | 2569 |
| 4 | 6712492 | 293344 |         |      |

*Lindås–Meland:*

*Kommunegrensa i sjø mellom Lindås og Meland kommunar, båe i Hordaland fylke, tek til i eit punkt som ligg midtfjords der Osterfjorden, Salhusfjorden og Haglsundet møtest og sjøgrensa mot Bergen kommune støyter til. Punktet ligg om lag 903 m frå næraste land ved Klubben i Lindås, Hordvikneset i Bergen og Flatøyni i Meland. Punkt nr. 1.*

*Frå punkt nr. 1 går grensa i retning 358,631<sup>g</sup>, 936 m til punkt nr. 2 som ligg midt i sørenden av Haglsundet, ca. 212 m frå land og 486 m SSA for vegbru over Haglsundet.*

*Frå punkt nr. 2 går grensa i retning 378,779<sup>g</sup>, 1319 m til punkt nr. 3 som ligg midt i Kvernaffjorden, ca. 412 m frå land og 833 m NNV for vegbru over Haglsundet.*

*Frå punkt nr. 3 går grensa i retning 324,128<sup>g</sup>, 2613 m til punkt nr. 4 som ligg i Kvernaffjorden, ca. 215 m frå land og midt i smalaste sundet mellom Skarpenes i Meland og Tjuvholmen i Lindås.*

*Frå punkt nr. 4 går grensa i retning 358,386<sup>g</sup>, 3779 m til punkt nr. 5 som ligg midt i Radfjorden der sjøgrensa mot Radøy kommune støyter til og grensa endar. Punktet ligg om lag 473 m frå land og 1630 m AtN for trigonometrisk punkt (317 m o.h.) på Gaustadjellet i Meland.*

*Kommunegrensa går heile vegen i sjøen, og i rette liner mellom dei oppgjevne punkta, der ikkje anna er sagt.*

*Grensepunkta er definerte ved desse kartkoordinatane i system UTM EUREF89 sone 32:*

| Punkt nr. | Nord [m] | Aust [m] | Retning [gon] | Avstand [m] |
|-----------|----------|----------|---------------|-------------|
| 1         | 6716509  | 296346   | 358,631       | 936         |
| 2         | 6717254  | 295779   | 378,779       | 1319        |
| 3         | 6718501  | 295348   | 324,128       | 2613        |
| 4         | 6719467  | 292920   | 358,386       | 3779        |
| 5         | 6722468  | 290622   |               |             |

*Lindås–Radøy (3-delt):*

*Fyrste del av kommunegrensa i sjø mellom Lindås og Radøy kommunar, båe i Hordaland fylke, tek til i eit punkt i strandlina i Viki på austsida av Radfjorden der eigedom matrikulert i Lindås støyter mot eigedom matrikulert i Radøy. Punktet ligg om lag 860 m SVtV for trigonometrisk punkt (157 m o.h.) på Peparhaugen. Punkt nr. 1.*

*Frå punkt nr. 1 går grensa vidare etter eigedomsgrensa så langt denne rekk utover i sjøen, og deretter i rett line til punkt nr. 2 som ligg i retning 281,966<sup>g</sup>, 543 m frå punkt nr. 1. Punkt nr. 2 ligg midt i Radfjorden der sjøgrensa mot Meland kommune støyter til og grensa endar, om lag 473 m frå land og 1630 m AtN for trigonometrisk punkt (317 m o.h.) på Gaustadjellet i Meland.*

*Andre del av kommunegrensa i sjø mellom Lindås og Radøy kommunar, tek til i eit punkt i strandlina i ei lita vik sør for Kallneset på vestsida av Radsundet der eigedom*

matrikulert i Lindås støyter mot eigedom matrikulert i Radøy. Punktet ligg om lag 620 m SAtA for høgdepunkt 163 m o.h. på Vettåsfjellet i Radøy. Punkt nr. 1.

Frå punkt nr. 1 går grensa vidare etter eigedomsgrensa så langt denne rekk utover i sjøen, og deretter i rett line til punkt nr. 2 som ligg i retning 19,871<sup>g</sup>, 151 m frå punkt nr. 1. Punkt nr. 2 ligg om lag 77 m frå land og 610 m AtS for høgdepunkt 163 m o.h. på Vettåsfjellet i Radøy.

Frå punkt nr. 2 går grensa i retning 59,164<sup>g</sup>, 271 m til punkt nr. 3 som ligg midtjords i Radsundet, ca. 287 m frå land og 807 m A for høgdepunkt 163 m o.h. på Vettåsfjellet i Radøy.

Frå punkt nr. 3 går grensa i retning 376,130<sup>g</sup>, 1865 m til punkt nr. 4 som ligg midtjords i Radsundet, ca. 387 m frå land rett V for Lammavågen i Lindås.

Frå punkt nr. 4 går grensa i retning 390,386<sup>g</sup>, 874 m til punkt nr. 5 som ligg midtjords i Radsundet, ca. 515 m frå land og rett V for Skardsvågen i Lindås.

Frå punkt nr. 5 går grensa i retning 349,253<sup>g</sup>, 4904 m til punkt nr. 6 som ligg midt i Radsundet ved Austhjelmviki, ca. 75 m frå land i sundet mellom Bjørnåsen i Lindås og Rinden i Radøy.

Frå punkt nr. 6 går grensa i retning 360,285<sup>g</sup>, 771 m til punkt nr. 7 som ligg midt i Radsundet, ca. 165 m frå land A for Mjølkeviki i Radøy.

Frå punkt nr. 7 går grensa i retning 392,928<sup>g</sup>, 232 m til punkt nr. 8 som ligg midt i Radsundet, ca. 67 m frå land på austsida av holme.

Frå punkt nr. 8 går grensa i retning 344,795<sup>g</sup>, 118 m til punkt nr. 9 som ligg midt i Radsundet, ca. 57 m frå land og rett nord for holme.

Frå punkt nr. 9 går grensa i retning 0,003<sup>g</sup>, 581 m til punkt nr. 10 som ligg midtjords i Radsundet V for Festevågen, ca. 130 m frå land og 168 m SVtV for fastmerke (20,25 m o.h.) på Grønknappen i Lindås.

Frå punkt nr. 10 går grensa i retning 389,369<sup>g</sup>, 285 m til punkt nr. 11 som ligg midtjords i Radsundet A for Grunnesundet, ca. 168 m frå land og 256 m NV for fastmerke (20,25 m o.h.) på Grønknappen i Lindås .

Frå punkt nr. 11 går grensa i retning 335,716<sup>g</sup>, 503 m til punkt nr. 12 som ligg midt i Grunnesundet, ca. 32 m frå land.

Frå punkt nr. 12 går grensa i retning 350,845<sup>g</sup>, 336 m til punkt nr. 13 som ligg midt i Grunnesundet, ca. 13 m frå land i det smalaste sundet VtN for Søre Eidsviki.

Frå punkt nr. 13 går grensa i retning 346,642<sup>g</sup>, 203 m til punkt nr. 14 som ligg midt i Grunnesundet, ca. 27 m frå land og 111 m VtN for høgste punkt (36,5 m o.h.) på Grøna i Lindås.

Frå punkt nr. 14 går grensa i retning 366,222<sup>g</sup>, 88 m til punkt nr. 15 som ligg midt i Grunnesundet, ca. 23 m frå land og 182 m NVtV for høgste punkt (36,5 m o.h.) på Grøna i Lindås.



Frå punkt nr. 15 går grensa i retning  $351,685^g$ , 654 m til punkt nr. 16 som ligg midt i Grunnesundet V for Vestre Eidsviki, ca. 10 m frå land og 273 m V for høgste punkt (34,0 m o.h.) på Søre Eidshaugane i Lindås.

Frå punkt nr. 16 går grensa i retning  $343,070^g$ , 254 m til punkt nr. 17 som ligg midt i Grunnesundet, ca. 32 m frå land og SV for Nordre Eidshaugane i Lindås.

Frå punkt nr. 17 går grensa i retning  $352,185^g$ , 202 m til punkt nr. 18 som ligg midt i Grunnesundet, ca. 15 m frå land og V for Nordre Eidshaugane i Lindås.

Frå punkt nr. 18 går grensa i retning  $345,562^g$ , 841 m til punkt nr. 19 som ligg midtjords i Slettosen, ca. 228 m frå land mellom Plesneset i Radøy og liten holme i Lindås.

Frå punkt nr. 19 går grensa i retning  $378,313^g$ , 1633 m til punkt nr. 20 som ligg midt i sundet mellom Slettosen og Vallersvågen, ca. 46 m frå land.

Frå punkt nr. 20 går grensa i retning  $9,201^g$ , 181 m til punkt nr. 21 som ligg midt i Vallersvågen, ca. 126 m frå land NVtV for Krosshavnen.

Frå punkt nr. 21 går grensa i rett line til ytste punktet i eigedomsgrensa der eigedom matrikulert i Lindås støyter mot eigedom matrikulert i Radøy, og vidare etter eigedomsgrensa til eit punkt i strandlina inst i Krosshavnen på Lurøyni der andre del av sjøgrensa mellom Lindås og Radøy endar. Punkt nr. 22 ligg i retning  $143,698^g$ , 437 m frå punkt nr. 21.

Tredje del av kommunegrensa i sjø mellom Lindås og Radøy kommunar, tek til i eit punkt i strandlina på NA sida av Lurøyni der eigedom matrikulert i Lindås støyter mot eigedom matrikulert i Radøy, ca. 127 m StA for høgste punkt (18,0 m o.h.) på Rådmannsøyni i Radøy. Punkt nr. 1.

Frå punkt nr. 1 går grensa vidare etter eigedomsgrensa så langt denne rekk utover i sjøen, og deretter i rett line til punkt nr. 2 som ligg i retning  $62,244^g$ , 25 m frå punkt nr. 1. Punkt nr. 2 ligg ca. 21 m frå land midt i det smale sundet mellom Lurøyni i Lindås og Rådmannsøyni i Radøy.

Frå punkt nr. 2 går grensa i retning  $140,409^g$ , 810 m til punkt nr. 3 som ligg midt i smalt sund mellom sørspissen av Rådmannsøyni i Radøy og Lurøyni ved Djuvviki i Lindås, ca. 28 m frå land.

Frå punkt nr. 3 går grensa i retning  $108,334^g$ , 512 m til punkt nr. 4 som ligg midtjords i Lurosen, ca. 447 m SAtA for høgste punkt (12,5 m o.h.) på Kjerkolmen i Radøy.

Frå punkt nr. 4 går grensa i retning  $374,315^g$ , 408 m til punkt nr. 5 som ligg midtjords i Lurosen, ca. 158 m frå land i det smalaste sundet mellom Kalvstangen i Lindås og Kjerkolmen i Radøy.

Frå punkt nr. 5 går grensa i retning  $343,725^g$ , 2355 m til punkt nr. 6 som ligg midtjords i Vallersvågen, ca. 373 m frå land i det smalaste sundet mellom Vallersneset i Radøy og Lurøykalven i Lindås.

Frå punkt nr. 6 går grensa i retning  $373,058^{\circ}$ , 909 m til punkt nr. 7 som ligg midtffjords der Fesøysundet og Vallersvågen møtest, ca. 600 m SSA for høgste punkt (8,0 m o.h.) på holmen Loddå i Radøy.

Frå punkt nr. 7 går grensa i retning  $47,630^{\circ}$ , 940 m til punkt nr. 8 som ligg midt i Lurefjorden, ca. 890 m AtN for høgste punkt (8,0 m o.h.) på holmen Loddå i Radøy.

Frå punkt nr. 8 går grensa i retning  $356,022^{\circ}$ , 1224 m til punkt nr. 9 som ligg midt i Lurefjorden der sjøgrensa mot Austrheim kommune støyter til og grensa endar. Punktet ligg om lag 785 m frå næraste land på Børo i Lindås, NA-re av Leiholmane i Radøy og Stridsholmen i Austrheim.

Kommunegrensa går heile vegen i sjøen, når ein ser bort ifrå dei to stykka sør på Radøyni og nord på Lurøyni som ikkje er omfatta av denne saka, og i rette liner mellom dei oppgjevne punkta, der ikkje anna er sagt.

Grensepunkta er definerte ved desse kartkoordinatane i system UTM EUREF89 sone 32:  
1. del:

| Punkt nr. | Nord [m] | Aust [m] | Retning [gon] | Avstand [m] |
|-----------|----------|----------|---------------|-------------|
| 1         | 6722619  | 291143   | 281,966       | 543         |
| 2         | 6722468  | 290622   |               |             |

2. del:

|    |         |        |         |      |
|----|---------|--------|---------|------|
| 1  | 6723741 | 292219 | 19,871  | 151  |
| 2  | 6723885 | 292265 | 59,164  | 271  |
| 3  | 6724047 | 292483 | 376,130 | 1865 |
| 4  | 6725783 | 291800 | 390,386 | 874  |
| 5  | 6726646 | 291668 | 349,253 | 4904 |
| 6  | 6730073 | 288160 | 360,285 | 771  |
| 7  | 6730699 | 287710 | 392,928 | 232  |
| 8  | 6730930 | 287684 | 344,795 | 118  |
| 9  | 6731006 | 287594 | 0,003   | 581  |
| 10 | 6731586 | 287594 | 389,369 | 285  |
| 11 | 6731868 | 287547 | 335,716 | 503  |
| 12 | 6732135 | 287121 | 350,845 | 336  |
| 13 | 6732376 | 286887 | 346,642 | 203  |
| 14 | 6732512 | 286736 | 366,222 | 88   |
| 15 | 6732588 | 286691 | 351,685 | 654  |
| 16 | 6733063 | 286241 | 343,070 | 254  |
| 17 | 6733222 | 286043 | 352,185 | 202  |
| 18 | 6733369 | 285905 | 345,562 | 841  |
| 19 | 6733921 | 285270 | 378,313 | 1633 |
| 20 | 6735460 | 284725 | 9,201   | 181  |
| 21 | 6735639 | 284751 | 143,698 | 437  |
| 22 | 6735363 | 285089 |         |      |



## 3. del:

|   |         |        |         |      |
|---|---------|--------|---------|------|
| 1 | 6735537 | 285341 | 62,244  | 25   |
| 2 | 6735551 | 285361 | 140,409 | 810  |
| 3 | 6735071 | 286014 | 108,334 | 512  |
| 4 | 6735004 | 286521 | 374,315 | 408  |
| 5 | 6735380 | 286361 | 343,725 | 2355 |
| 6 | 6736873 | 284540 | 373,058 | 909  |
| 7 | 6737702 | 284166 | 47,630  | 940  |
| 8 | 6738391 | 284806 | 356,022 | 1224 |
| 9 | 6739334 | 284027 |         |      |

*Meland–Radøy:*

*Kommunegrensa i sjø mellom Meland og Radøy kommunar, båe i Hordaland fylke, tek til i eit punkt som ligg midt i Radfjorden der sjøgrensa mot Lindås kommune støyter til. Punktet ligg om lag 473 m frå land og 1630 m AtN for trigonometrisk punkt (317 m o.h.) på Gaustadffjellet i Meland. Punkt nr. 1.*

*Frå punkt nr. 1 går grensa i retning 350,380<sup>g</sup>, 2805 m til punkt nr. 2 som ligg midt i Radfjorden, ca. 1130 m NNV for Vardneset lykt i Meland.*

*Frå punkt nr. 2 går grensa i retning 314,925<sup>g</sup>, 2350 m til punkt nr. 3 som ligg midt i Radfjorden, ca. 1160 m SSV for trigonometrisk punkt (209 m o.h.) på Kvitsteinsfjellet i Radøy.*

*Frå punkt nr. 3 går grensa i retning 266,367<sup>g</sup>, 540 m til punkt nr. 4 som ligg midt i Småstraumen, ca. 72 m frå land.*

*Frå punkt nr. 4 går grensa i retning 357,474<sup>g</sup>, 156 m til punkt nr. 5 som ligg midt i smalaste sundet mellom to holmar, ca. 3,5 m frå land.*

*Frå punkt nr. 5 går grensa i retning 387,540<sup>g</sup>, 55 m til punkt nr. 6 som ligg i sjøen om lag 26 m frå land nord om to holmar.*

*Frå punkt nr. 6 går grensa i retning 311,596<sup>g</sup>, 124 m til punkt nr. 7 som ligg i sjøen om lag 21 m frå land og 53 m StA for høgdepunkt (18,5 m o.h.) på den største av holmane sør for Bogno.*

*Frå punkt nr. 7 går grensa i retning 340,069<sup>g</sup>, 82 m til punkt nr. 8 som ligg midt i smalaste sundet mellom liten holme og den største av holmane sør for Bogno, ca. 12 m frå land.*

*Frå punkt nr. 8 går grensa i retning 311,542<sup>g</sup>, 603 m til punkt nr. 9 som ligg midt i Landsvikosen, ca. 222 m NNV for Geitneset i Meland.*

*Frå punkt nr. 9 går grensa i retning 344,841<sup>g</sup>, 648 m til punkt nr. 10 som ligg midt i Landsvikosen, ca. 180 m frå land og 1100 m NAtN for høgste punkt (81 m o.h.) på Hånipa på Holsnøyeni i Meland.*

*Frå punkt nr. 10 går grensa i retning 387,016<sup>g</sup>, 1410 m til punkt nr. 11 som ligg midt i Mangersfjorden, ca. 783 m frå land og 1120 m S for trigonometrisk punkt (42 m o.h.) på Jonsokhaugen i Radøy.*

Frå punkt nr. 11 går grensa i retning  $311,069^{\circ}$ , 6963 m til punkt nr. 12 som ligg midt i Mangersfjorden ved Svenneskallen der sjøgrensa mot Askøy kommune støyter til og grensa endar. Punktet ligg ca. 1476 m frå næraste land ved Kvernane i Askøy, sørspissen av Nordre Lamholmen i Radøy og Eldsneset i Meland.

Kommunegrensa går heile vegen i sjøen, og i rette liner mellom dei oppgjevne punkta, der ikkje anna er sagt.

Grensepunkta er definerte ved desse kartkoordinatane i system UTM EUREF89 sone 32:

| Punkt nr. | Nord [m] | Aust [m] | Retning [gon] | Avstand [m] |
|-----------|----------|----------|---------------|-------------|
| 1         | 6722468  | 290622   | 350,380       | 2805        |
| 2         | 6724463  | 288650   | 314,925       | 2350        |
| 3         | 6725009  | 286364   | 266,367       | 540         |
| 4         | 6724736  | 285897   | 357,474       | 156         |
| 5         | 6724859  | 285801   | 387,540       | 55          |
| 6         | 6724913  | 285790   | 311,596       | 124         |
| 7         | 6724935  | 285668   | 340,069       | 82          |
| 8         | 6724983  | 285602   | 311,542       | 603         |
| 9         | 6725092  | 285009   | 344,841       | 648         |
| 10        | 6725511  | 284515   | 387,016       | 1410        |
| 11        | 6726892  | 284230   | 311,069       | 6963        |
| 12        | 6728096  | 277372   |               |             |

Radøy-Øygarden:

Kommunegrensa i sjø mellom Radøy og Øygarden kommunar, båe i Hordaland fylke, tek til i eit punkt midtfjords der Mangersfjorden og Hjeltefjorden møtest og sjøgrensa mot Askøy kommune støyter til. Punktet ligg om lag 2460 m frå næraste land ved Kvernane i Askøy, austre av Alvøyni ved Kvalflui i Øygarden og Svartskjeret utanfor Toska i Radøy. Punkt nr. 1.

Frå punkt nr. 1 går grensa i retning  $370,462^{\circ}$ , 13161 m til punkt nr. 2 som ligg midtfjords i Fedjeosen der sjøgrensa mot Fedje kommune støyter til og grensa endar. Punktet ligg om lag 3000 m frå næraste land på Hesjetåni i Radøy, holme austafør Nordøyni i Øygarden og Æskjeret i Fedje.

Kommunegrensa går heile vegen i sjøen, og i rette liner mellom dei oppgjevne punkta, der ikkje anna er sagt.

Grensepunkta er definerte ved desse kartkoordinatane i system UTM EUREF89 sone 32:

| Punkt nr. | Nord [m] | Aust [m] | Retning [gon] | Avstand [m] |
|-----------|----------|----------|---------------|-------------|
| 1         | 6728790  | 275670   | 370,462       | 13161       |
| 2         | 6740560  | 269780   |               |             |

Alle retningar er oppgjevne i høve til rutenettet på kartet og med  $400^{\text{gon}}$  sirkeldeling. Retningane er avrunda til næraste milligon.





*Avstandane er oppgjevne i kartplanet, og avrunda til næraste meter. Både retningar og avstandar er utrekna frå punkta sine koordinatar.*

*Namn og høgdetal som er brukte i grenseskildringane ovanfor, finn ein på kartblada 1115-I Bergen (1990), 1115-IV Fjell (1986), 1116-II Sæbø (1987), 1116-III Herdla (1986) og 1116-IV Mongstad (1987) i hovudkartserien NOREG 1:50000 (N50' eller M711-serien), Økonomisk kartverk og Statens kartverk Geodesidivisjonen sitt Punktarkiv."*

Eventuell klage på vedtaket skal handsamast av Kommunal- og Regionaldepartementet. Klage skal sendast Fylkesmannen i Hordaland innan 6. veker frå dette skriv er motteke.

Med helsing

  
Svein Alsaker

  
Johan B. Synnevåg  
assisterande fylkesmann

Likelydande brev sendt :

- Askøy kommune
- Bergen kommune
- Lindås kommune
- Meland kommune
- Radøy kommune
- Øygarden kommune

Gjenpart :

- Kommunal- og Regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO
- Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN
- Statens kartverk land  
Serviceboks 15  
5304 HØNEFOSS

